

Grøntua



FAKTA

Trimpoeng:	5
Høgde over havet:	250 m
Lengd merka løype:	1,0 km
Stigning merka løype:	190 m
Underlag/terreng:	Torv, berg/stein
Signeringar i 2013:	893

OM STADEN

Grøntua er toppen som ligg nærast sentrum på Sandsøya, Sandshamn. Turen derfrå er i overkant av 3 km lang tur/retur. Løypa er relativt bratt, men første fjerdedel er på asfaltveg opp til toppen av Sandsbakken. Med si sydvende oppstigning er turen til Grøntua i steikande sol både herleg og heit på same tid. Uvêrsdagar er det oftast relativt moderat vind, med unntak av heilt på toppen. På nordsida går det stupbratt ned i fjøra. Fjellsida er mykje dekt av stein og sand, og å ta seg ned her er ikkje å tilråde. Grøntua er sjuande og siste topp på den populære Sjutoppsturen som vert arrangert kvar langfredag.

TURALTERNATIV

Den kortaste traseen er frå toppen av Sandsbakken, om lag 60 moh. Herfrå går det forholdsvis bratt første delen. Deretter eit slakare parti, før det mot slutten vert brattare att. Totalt ganske nøyaktig **1,0 km** frå vegen. Frå Sandshamna er det ytterlegare om lag 500 meter.

Fin tur er det også frå Våge. Løypa går då via Hornet (topp 6 på Sjutoppsturen) og innover fjellet til Grøntua. Sjølv stigninga er om lag like lang og like bratt som frå Sandshamna. Dette kan vere eit flott alternativ til ein liten rundtur, men ein må då rekne med å spasere omtrent 1,5 km på flat landeveg anten til slutt eller til å begynne med.

BILETE



Sandsøy Idrettslag
6089 Sandhamn
www.sandsoyil.no

